



PBL Lindås v/ Charlotte Grimstad  
5956 HUNDVIN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1199 - 14/6321

Saksbehandlar:  
Astrid Namtvedt Sylta  
syas@lindas.kommune.no

Dato:  
25.03.2014

## Samarbeidsavtale mellom Private barnehagar og Lindås kommune

Viser til prosessen mellom PBL Lindås, Ostereidet FUS barnehage og Lindås kommune i samband med å få i stand ein god samarbeidsavtale mellom partane. Det har vore gjennomført fleire møter der ein har hatt gode drøftingar om innhaldet i avtalen. Det som særleg har tatt tid var å kome fram til gode ordningar i høve til barnehageopptaket og økonomisk tryggleik for dei private barnehagane. Seint på hausten 2013 kom det signal frå departementet om endring i regelverk i høve til utrekning av tilskot til dei private barnehagane. Målet var at endringane skulle tre i kraft frå januar 2014. Dette vart endra, og endringane vil først kome frå januar 2015.

Dei varsle endringane førte til at sentrale delar av det barnehagane og kommunen hadde forhandla seg fram til, ikkje lenger var aktuelt. På trass av dette ønskte partane å arbeide vidare for å få på plass ein samarbeidsavtale. Avtalen har ikkje fokus på tilskot / økonomi. Dette er ivaretake av anna regelverk. Samarbeidsavtalen har fokus på kvalitet i barnehagen. Den legg og vekt på tett samarbeid mellom private barnehagar og kommunen.

Rådmannen sender med dette utkast til avtale til PBL Lindås og Ostereidet FUS barnehage. Ein ber om at PBL orienterer alle sine medlemmer om innhaldet i avtalen, og melder tilbake til kommunen innan **1.mai 2014** om de ønskjer å inngå avtalen. Dersom barnehagane ønskjer å inngå avtalen, vil det verte gjort før sommaren 2014.

For at avtalen skal verte inngått, er det ein føresetnad at alle dei private barnehagane vil inngå denne.

Med helsing

Janne Sund  
ass. rådmann

Astrid Namtvedt Sylta  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



Vedlegg:

Samarbeidsavtalen

**Mottakarar:**

PBL Lindås v/ Charlotte Grimstad

5956

HUNDVIN

Ostereidet FUS barnehage

OSTEREIDET

Christine Helgesen Teigland

Ørnanova 1

5993